

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.l, Fylke: Hordaland.  
 Tilleggspørsmål nr. Herad: Lindås.  
 Emne: Ård og plog. Bygdelag: Nordhordland.  
 Oppskr. av: Martin Toft. Gard: Toft.  
 (adresse): Askelandsvåg. G.nr. 18 Br.nr. 5.  
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ard har aldri vorte nytta i bygda her. Jordmønnet høver ikkje for slik reidskap. Jorda er for seig og kleimut - for lite laus.
2. Spad nytta dei over alt her til å snu om åkeren med. Spaden vert nytta enno på dei mindre brukar der dei ikkje har hest. Dei nytta ei rive antan av tre ~~ekker~~ eller av jarn til å "midla" kornet ned i jorda med. Enno kallar dei sätida om våren for "spøtiæ" eller "spøo".
3. Først ved århundreskifte (1900) kom plogen i bruk her, både hyppelogar og vanlege plogar. Før den tida nytta dei spade til å snu åkeren med og pikker (grev) til å ~~grøkk~~ hyppa potetene og å ta dei opp med.
4. Ard veit folk flest her ikkje kva det er for noko.
13. Ein har aldri nytta anna enn fabrikksmidde plogar - slike som har vore i handelen etter århndreskifte. Heimegjorde typar har aldri vorte nytta her i bygda.
14. Ein kjenner ikkje nokon av dei typene som er oppførde på dei tilsende teikningane.

Plogen si soga er altså ung her i våre bygder, men då ein tenkte at dette også var av interesse, har gjeve **franståande** svar.